



Epistemologisk grunnarbeid i forsking om velferdsstatens tenester: å konstruere forskingsobjektet

Epistemological Groundwork in Research into Welfare State Services: Constructing the Research Object

Anette Fagertun

Førsteamanuensis, Senter for omsorgsforskning, vest, HVL

Anette.fagertun@hvl.no

Samandrag

Artikkelen drøftar eit grunnlagsproblem som handlar om korleis ein i forsking på velferdsregimer og -tenester stil-ler seg til og forstår tilhøvet mellom teori og røynd, og kva implikasjonar denne forståinga har for omgrepss bruk og konstruksjon av forskingsobjektet. Drøftinga er basert på Bourdieu si tolking av den historiske epistemologien sitt prinsipp om det epistemologiske brotet i forsking samti i Wacquant si fornying og vidareføring av denne. Eg visar til den sosiale produksjon av problem og drøftar implikasjonar av å gjere om «grenseobjekt» til forskingsobjekt samti av det å blande saman (konflatere) ulike analytiske nivå. Stega i det epistemologiske brotet vert drøfta i lys av posisjone-nane subjektivisme–objektivisme og av den ontologiske status røynda vert gjeven her. Eg argumenterer for at eit vis å styrke forsking som har offentlege velferdsregimer og tenester som «sitt» domene (fokusområde) av røynda er å vere «epistemologisk vaken», noko som impliserer kritisk refleksjon over relasjonane forskinga inngår i, samt å gjere det epistemologiske grunnarbeidet med å konstruere sitt forskingsobjekt.

Nøkkelord

epistemologisk grunnarbeid, teori–røynd, velferdsforskning, omsorgsforskning, epistemologisk brot, konstruere forskingsobjekt

Abstract

The article discusses some epistemological preliminaries in research into public welfare systems that concern the relationship between theory and reality and the formation of concepts. The discussion is based on the work of Bourdieu and his positionality in historical epistemology, emphasising the principle of the epistemological rupture in research, and on Wacquant's renewal of this position. I delineate the social production of officialised problems and discuss implications of converting boundary objects to research objects and of conflating analytical levels. I explore and explain the analytical entailments of the principle of epistemological rupture and show how it is a window for constructing the scientific object and for taking a critical reflexive position in research. Finally, I argue that one way to strengthen welfare research is to install an 'epistemic alertness' which implies doing the epistemological groundwork of reflecting upon the understanding and usage of concepts, the many relations research enters, as well as power relations and constructing one's research object.

Keywords

epistemological preliminaries, theory – reality, welfare research, care research, epistemological rupture, constructing the research object

Innleiing

I denne artikkelen drøftar eg grunnlagsproblemet om korleis ein i forsking stiller seg til og forstår tilhøvet mellom teori og røynd. Refleksjonane har vekse fram gjennom eiga erfaring med å byrje å forske i eit nytt felt og i ein ny etnografisk kontekst: velferdsforskingsfeltet i Noreg og Europa. Eg gjer greie for grunnlagsproblemet gjennom ei drøfting av korleis (sosiale) problem kan vekse fram, flyte mellom ulike offentlege sfærar og bli legitime («offisielliserte») og implikasjonar av at slike problemforståingar flyt inn og ut av forskinga (Bourdieu et al., 1991; Bourdieu & Wacquant, 1993; Fraser, 2016; Grimen, 2006; Bugge, 2002; Mjøset, 2021; Wacquant, 2018, 2022a). Eg argumenterer for viktigheita av idealet om det å konstruere forskingsobjektet og for at dette er særskilt viktig når ein forskar i politiserte felt, i eigen kultur, og i ei kompleks samtid kor «myta om metaphysisk nøytralitet» (Porter-Groff, 2021, s. 675) i forsking lever i beste velgåande samstundes med at forskinga si rolle og autoritet i samfunnet vert utfordra frå ulike hald (Skilbrei, 2020; Rytter, 2019). Eg visar til korleis dei analytiske grepa som epistemologisk brot, refleksiv mani, historisering, romleggjering, situering, og onto-epistemologisk posisjonering kan bidra til kritisk refleksiv forsking. Målsetnaden med artikkelen er å vise korleis det å vere epistemologisk «vaken» kan bidra til å styrke forskinga som har velferdsregimer og offentlege velferds-, helse- og omsorgstenester som sitt emne og «sitt» domene (fokusområde) av røynda. Gjennom dette argumenterer eg for ei (re)etablering av forskjellen mellom emiske og etiske kategoriar og diskursar i forsking. Eg går ikkje inn i ei stor drøfting av tilhøvet mellom politikk og vitskap, sjølv om dette er høgst relevant. Dette ligg likevel implisitt i teksten, og gjort eksplisitt i drøftinga av «samhandling» og i drøftinga av konstruktivistiske posisjonar i relasjon til idealet om det epistemologiske brotet. Eg støttar posisjonen om at korleis me organiserer kunnskap om verda i vitskapen, alltid vil vere intrikat vikla saman med idear om korleis verda kan styrast (Jasanoff, 2020, 2021; Strand et al., 2016), og hevdar at ein kritisk refleksiv metodologi som vektlegg at røynd og analytiske omgrep høyrer til ulike kunnskapsregimer, vil styrke vitskapen sin relativt autonome posisjon i dette landskapet (Bourdieu, 2019 /1973; Bourdieu & Wacquant, 1999; Wacquant, 2022a, 2022b).

Forsking om offentlegheita og staten – velferdsregimer og -tenester

Ulike vitskaplege disiplinar kan sjå det same domenet i røynda som «sitt». Dette gjeld for velferdsforskning og omsorgsforskning der mange ulike disiplinar frå samfunnsvitskap, helsevitskap og humaniora er representerte, og der offentlege velferdsregimer er i fokus. «Helse» har i den tradisjonelle sektorinndelinga av forskinga i Noreg ikkje blitt sortert under «velferd» (Blystad et al., 2015), og slik eg ser det, har delar av omsorgsforskingsa soleis vekse fram i relativ isolasjon frå det større velferdsforskingsfeltet. Fokuset i velferdsforskingsa har i stor grad vore på det statlege nivået og på samanhengar mellom velferdssystem, utdanning, arbeidsliv, marknad og familie. Velferdsforskingsa er også geografisk konsentrert i Oslo-regionen og set ofte sokelys på korleis spesifikke politiske intervensjonar lukkast eller feilar (Blystad et al., 2015, s. 25; Anvik et al., 2020, s. 15). Omsorgsforskingsa har blant anna sett sokelys på omsorg som eksistensielt fenomen og formelt og uformelt omsorgsarbeid (Førland et al., 2018). Omsorgsforskingsa har i stor grad fokusert på det kommunale nivået og empirisk utforska korleis politikk møter lokal styring, administrasjon og tenesteyting, altså korleis statlege hensikter overførast til lokale tilhøve og tolkast og utøvast og utfordrast der (Anvik et al., 2020; Wiig et al., 2020; Vik, 2018). Dersom me abstraherer dette, handlar det om offentlegheita, velferdsstaten og velferdsregimet, institusjonaliserte strukturar, praksisar og tenester som høyrer til fellesskapet («the commons») i samfunnet.

Eit *forskningsfelt* (field of inquiry) vil soleis vere sett saman av ulike vitskaplege disiplinar som forskar i det same domenet av røynda. Eit felt vil sjeldan ha skarpe grenser, og grensene og tema (subject-matter) vil endre seg, fordi samfunnet det eksisterer i, endrast over tid (Wolin 1960/2004). Sjølv om mange vitskaplege disiplinar «deler» den same røynda, betyr det ikkje at dei utforskar ho på same viset eller at dei forstår og konstruerer forskningsobjekta likt. Eit felt vil inkludere mange mindre avgrensa problemområde og tematikkar som vert tekne opp innan særskilte disiplinar eller grupper av disiplinar som forskar på fenomenet med liknande tilnærningsmåtar (Alm Andreassen, 2019, s. 20). Slike «grupperingar» er ikkje alltid i dialog med kvarandre, og dei visar ikkje alltid til kvarandre si forsking. Soleis inngår dei ikkje nødvendigvis i faglege diskusjonar med kvarandre, og dei stiller seg heller ikkje likt til omgrevsbruk og konstruksjon av forskningsobjektet. Eit døme på eit slikt avgrensa problemområde er «samhandling». Dette kjem eg attende til.

Legitimerte samfunnsproblem, grenseobjekt og (legitime) forskningsobjekt

Bourdieu hevdar at det i kvart eit samfunn til ei kvar tid vil vere sosiale problem som «blir haldne for å vere legitime, verdige til å bli diskuterte, å vere offentlege, somme tider offisiellisert og på ein måte *garanterte av staten*» (1993, s. 219). Eg vil i denne artikkelen drøfte og dømegje problemet «fragmenterte offentlege helse og omsorgstenester» som eit slikt offisiellisert problem. I dette avsnittet ser eg på framveksten av slike typar av problem. Problemet med fragmenterte, eller desintegrerte, tenester har vakse fram som eit legitimt problem i helseregimer over heile Europa då velferdspolitikken har sett søkelys på «integrerte tenester» (sjå til dømes McCall et al., 2021, s. 810; Glynos et al., 2014; Lundberg & Magnussen, 2021; Vik, 2018; Sandvin et al., 2022). Problemet oppstod i den helsepolitiske sfæren og skriv seg attende i historia. Politikk i seinkapitalistiske velferdsstatar tek i høg grad form som kampar om behovsfortolkingar (Fraser, 2016), og den sosiale produksjon av dette problemet og løysinga på det strekk seg over tid og kan sporast i mange norske politiske styringsdokument (t.d. St.meld. nr. 25 (2005–2006); St.meld. nr. 47 (2008–2009); Meld. St. 29 (2012–2013); Meld. St. 15 (2017–2018); Meld. St. 38 (2020–2021); NOU 2005: 3; NOU 2011:11; NOU 2023:4). To av dei mest alvorlege og legitimerte/anerkjende konsekvensane av fragmenteringsproblemet, eller «diagnosen», er at mottakarar av offentlege tenester ikkje opplever samanheng og gode nok tenester, og at den norske velferdsstaten sitt ideal om lik tilgang til tenester av lik kvalitet ikkje vert oppnådd. Løysinga på problemet, eller kuren, er «samhandling». I forsking reflekterast dette problemet i fokus på fragmentering, koordinering, flyt og heilskap i tenester, forsking som ikkje er eit eige felt, men som kan samlast under termen «samhandlingslitteratur/-forsking» (Lundberg & Breimo, 2021; Sandvin et al., 2022, s. 143; Alm Andreassen, 2019, s. 20; Vik, 2018). Forskinga på «integrerte tenester» er relativt ung og vaks fram frå tidleg på 2000-talet. Problemet bevegde seg inn i den forskingspolitiske sfæren og har blitt både eit premiss og eit objekt for forsking (Lundberg & Breimo, 2021; Lundberg & Magnussen, 2021, s. 37). Soleis kan «samhandling» også vere eit døme på eit «grenseobjekt» (Bowker & Star, 2000). Dette kjem eg attende til.

Ei vanske med å forske på eige samfunn kan vere å skape distanse mellom *emiske* og *etiske* omgrep (Rytter, 2019). Denne påstanden forutset at det er eit mål i forskinga å lage eller bruke eit slikt skilje. Emisk-etisk visar til skiljet mellom «kategoriar for praksis» og «kategoriar for analyse». Emiske omgrep visar til omgrep nedfelt i situerte menneskelege førestillingar, altså «embedded concepts», eller fenomenologisk innsyn, som reflekterer primære erfaringar av den sosiale verda (Bourdieu, 2019 /1973; Bråten, 2022; Rytter, 2019). Slike situ-

erte og nedfelte omgrep har ulik (ontologisk) status i ulike forskingstradisjonar og fagdisiplinar. Posisjonen som argumenterast fram her, er ein kritisk refleksiv posisjon som forstår forsking og vitskap som eit sosialt konstruksjonsarbeid (Bourdieu, 2019 /1973; Wacquant, 2022a, 2022b). Utfordringa kan vere endå sterkare dersom ein forskar i eit sterkt politisert domene av røynda, slik som Rytter sitt felt, som er migrasjon og innvandring, samt at forskaren si truverd i større grad kan bli utfordra her enn i andre felt. Rytter (2019) dømegjev dette gjennom ei drøfting av omgrepet «integrering». Integrering kan sjåast som eit anna døme på eit offisiellisert problem som er blitt legitimert av staten. Rytter (2019, s. 679) viser til antropologen Paul Bohannan sitt velkjende utsegn om at kultur var sluppen laus i gatene med referanse til korleis kulturomgrepet spreidde om seg i samfunnet. Rytter jamfører dette til omgrepet «integrering» og hevdar at omgrepet har bevega seg frå vere eit etisk omgrep nytta til analyse i samfunnsvitskapen til å vere eit emisk omgrep brukt og misbrukt i media, politikk og årmenta for å skildre ulike aspekt ved innvandring og migrasjon. Omgrepet har særskilt blitt eit reiskap i maktvokabularet i Danmark og bidrige til å forsterke gapet mellom «oss» og «dei andre» gjennom å objektivere, stigmatisere og ekskludere (muslimske) innvandrarar frå den kollektive nasjonsførestillinga (Rytter, 2019, s. 691–692). Omgrepet integrering vert soleis etter kvart brukt på både emisk og etisk nivå i forsking og mister si analytiske kraft.

Ein situasjon som dette kan forståast og kanskje forklarast gjennom å operasjonalisere omgrepet grenseobjekt («boundary object») (Bowker & Star, 2000; Star, 2010). Grenseobjekt visar til artefakter, teoriar eller omgrep som oppstår i ein offentleg sfære, og som etter kvart sirkulerer til og frå og mellom fleire sfærar (t.d. i vitskapen, media og politikken), fordi det får ein funksjon med å til dømes fasilitere samarbeid eller felles forståing eller lage eit felles rom trass i at agentane kan ha ulike agendaer (Bowker & Star, 2000, s. 292; Star, 2010, s. 603). Gjennom sirkuleringa kan grenseobjektet få kraft og legitimitet og bli «vanleggjort» (Bourdieu & Wacquant, 1999, s. 71). Objektet «[...] is something people [...] act toward and with. Its materiality derives from action, not from a sense of [...] stuff or ‘thing’-ness» (Star, 2010, s. 603). Mjøset (2021) identifiserer til dømes omgrepet «den nordiske modellen» i velferdsforskinga som eit slikt grenseobjekt som har flyte frå det politiske inn i forskinga, og kor det gjennom denne flyten etter kvart skjedde ei dekontekstualisering av omgrepet i forskinga der «den nordiske modellen» vart teken for gjeven og generalisert framfor å bli undersøkt i relasjon til spesifikke kontekstar. Rytter (2019) skildrar den same rørsla av omgrepet «integrering» når han hevdar at «integrering er laus i gatene», og visar at omgrepet vert deterritorialisert i den forstand at det ikkje lenger knyt seg til spesifikke område eller kontekstar. Både Mjøset og Rytter vektlegg det kontekstspesifikke for at eit omgrep skal vere brukande i analysar.

«Samhandling» kan forståast som eit slikt grenseobjekt, som sirkulerer og medierar mellom ulike offentlege sfærar. Over tid og gjennom både politikk og forsking har «samhandling» blitt teken for gjeve både som problem og løysing. Dette kan kome til å skuggeleggje andre viktige problem, til dømes vilkår for samhandling eller samarbeid, strukturelle tilhøve eller andre samanhengar som ikkje har med koordinering av tenester å gjere. Det å «ta» eit grenseobjekt og gjere det til et teoretisk omgrep eller forskingsobjekt er ikkje problematisk i seg sjølv, men det blir problematisk dersom ein ikkje føretak det naudsynete epistemologiske brotet.

Styringsnærleik og stillheiter

Politiske moteord, nye styringsord og framveksande statlege «problem», til dømes dagens «samskaping» eller «tillit» i offentleg sektor, er ikkje nøytrale, men normative, noko som betyr at det ligg eit arbeid bak å produsere dei, og at dei kjem frå einkvan stad (Bourdieu & Wacquant, 1993; Røiseland & Lo, 2019, s. 52). Som forskar må me difor blant anna spørje oss korleis omgrepet eller problemet representerer noko nytt, men me må også undersøke kva normativt innhald problemet kjem med. Ein del av velferdsforskinga og omsorgsforskinga som handsamar problem kring samhandling, kan samlast under termen «samhandlingslitteratur». Både Alm Andreassen (2019) og Sandvin et al. (2022) har gjort gode litteraturgjennomgangar og oppsummeringar av denne type forsking. Dei sorterer henne inn i tre store fokusområde med bidragsytalar frå ulike fagdisiplinar samt i to former: modellariente og empirisk funderte. Samhandlingsforskinga er soleis ikkje eit eige «felt», men utgjer ein stor tematikk på velferdsforskinsfeltet. Dei tre ulike fokusområda kan kategoriserast i termane «styring» (governance -statsvitskap og andre samfunnsfag), «organisering» (administrasjon og økonomiske fag) og «integrerte tenester / integrert omsorg» (helsevitskaplege fag). Medan styrings- og organisasjonslitteraturen ofte er modellarorientert, er forskinga på integrerte tenester ofte basert på empiriske undersøkingar. Delar av denne forskinga er også politikknær i den forstand at ho i stor grad er grunngjeve i vedtekne politiske strategiar (Anvik et al., 2019; Lundberg & Breimo, 2021; Røiseland & Lo, 2019; Alm Andreassen, 2019, s. 26; Sandvin et al., 2022). Den empiriske forskinga på «integrerte tenester» kan også vere «praksisnær» (Sandvin et al., 2022, s. 144). I forskinga som er «praksisnær», kan ein uttalt målsetnad ofte vere å løyse konkrete problem i utøving av velferdsprofesjonane, og både «praksis»/«praksisfelt» og samhandling som problem kan bli teken for gjeve. I begge høve, både styringsnær og praksisnær, inneber det at forskinga legg til grunn den dominante røyndomsforståinga og problemkonstrueringa som vert fremja i desse kontekstane, og tek i bruk omgrep som ligg nært eller er like omgrepa agentane sjølve nyttar. Grunngjevinga for det «nære» kan mangle eller bli lagt fram i termar som å «forske på noko som er relevant for dei det forskast på», «bidra med løysingar», «nyttig forsking» eller å «ta informantane på alvor». Dette er sjølv sagt gode hensikter som er heilt legitime, men ein må likevel «gå omvegen» med å konstruere forskingsobjektet dersom ein skal unngå det Bourdieu kallar den «empiristiske abdikasjon», som visar til å velje den vegen som «har alt det tilsynelatande og alt det anerkjente på si side» (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 226).

Spesifikke forhold ved norsk samfunnsvitskap samt velferdsforskning og omsorgsforskning kan legge til rette for ein slik situasjon, der forskingsfelt i stor grad er knytt til staten si eiga sektorinndeling, og der pengestraumar til forsking er knytt til spesifikke problem i dei ulike samfunnssektorane (Brekke et al., 2003, s. 15). Resultatet kan då bli at «samfunnsforskaran får studieobjektet definert av staten og [også] tek [...] over staten sine eigne omgrep for å forstå objektet» (ibid.). Dette kan ikkje berre skape eit teoretisk daudvatn, men også «stillheiter» i form av skuggelegging av andre problem eller samanhengar som ikkje får merkesemd eller anerkjenning fordi dei fell «utanfor» rammene (Bacchi, 2009, 2016; Dahl, 2017; Fraser, 2016; sjå også Bourdieu, 1996, s. 52–53). Nancy Fraser (2016 s. 221) skildrar rørslene til grenseobjekta som «fleirvegs» i si drøfting av seinkapitalistisk velferdspolitikk som behovspolitikk. Ho peikar på at behov vert politiserte gjennom kampar om hegemoniske behovfortolkingar der spesialiserte offentlegheiter spelar ei viktig rolle, til dømes ekspertdiskursar knytt til institusjonar for kunnskapsproduksjon (akademia). Ekspertdiskursane sine objekt kan vere upolitiserte behov som etter kvart blir mål for statlege intervensjonar. Behova vert skildra i ein generell tilstand, til dømes som arbeidsløyse eller partnardaud, og dei vert følgjeleg dekontekstualiserte og rekontekstualiserte, og ekspertdiskursen vert etter

kvart institusjonalisert i statsapparatet. Soleis er det ikkje ei einsidig eller einvegs utveksling mellom stat og akademia/kunnskapsprodusentane, men heller ein stadig pågåande samproduksjon av objekt for styring og forsking (sjå også Jasenoff, 2020, s. 31).

Fordi fragmentering og koordinering av velferds-, helse- og omsorgstenester har blitt eit legitimt samfunnssproblem garantert av staten, er omgrepene «samhandling» ikkje berre eit styringsord eller eit politisk moteord, som til dømes omgrepene «samskaping» no er i ferd med å bli i det same domenet av røynda (Røiseland & Lo, 2019). Ordet, eller omgrepene, representerer også eit prekonstruert problem som kjem med ei løysing; det er ein type «nøkkelferdig» (turnkey) problematikk (Wacquant, 2022a, s. 175; sjå også Bourdieu & Wacquant, 1993; Bourdieu, 1996; Wacquant, 2018). Problematikken «fragmentering–samhandling» utgjer soleis ein spesifikk type konstruksjon av røynda som inneholder ei rekkje førehandsbestemte samanhengar. Som «integrering» i Danmark impliserer «samhandling» ei spesifikk type problematisering som allereie har ibuande nokre løysingar som viser til samarbeid og samordning innanfor ein spesifikk institusjonell kontekst (Bacchi, 2016; Lundberg & Breimo, 2021; sjå Rytter, 2019, s. 679). Soleis er idealet om samhandling i dei offentlege velferdstenestene også med på å reproduksere spesifikke idear om relasjonen mellom stat og kommune, mellom stat og marknad og jamvel mellom stat og borgar som ikkje trer fram, men som ligg under som premiss.

Så langt har eg søkt å vise korleis noko kan vekse fram som eit legitimt samfunnssproblem, rørsle av problem mellom ulike sfærar og at det finst sosialt produserte problem det er interesse for at forsking kan bidra til å kaste lys over og løyse. Forsking i Noreg er i høg grad finansiert av det offentlege og skal sjølvsagt vere nyttig for samfunnet som heilskap. Eg søker her å nyansere kva ei slik oppfatning kan bety for og i forskinga, då «nytte» kan peike i mange retningar i dagens kompliserte forskarrolle (Skilbrei, 2020). Det er nemleg her forskinga kan møte på utfordringar dersom ho «låner» problem eller smuglar dei inn, eller om problema vert «påtvinga» forskinga utan at forskarane reflekterer over oppkomsten eller arbeidet med å legitimere dei. Det er også her Bourdieu (1996, 2019 /1973; sjå også Bourdieu & Wacquant, 1993) peikar på forskjellen mellom sosiale problem og sosiologiske problem og seier at forskinga må gjere det epistemologiske brotet. For å forske på velferdsproblematikkar må me gjere eit dobbelt brot, som ber med seg å bryte med den ålmenne forståinga av problemet og konstruere det som eit forskingsobjekt (avgrense) og så rekonstruere den objektive sosiale og symbolske røynda som skapar dette uttrykket, i spesifikke kontekstar og gjeninnsette dei subjektive erfaringane her (tilbakeføring) (Wacquant, 2022b, s. 204–205). Sandvin et al. (2022, s. 151) visar kort til Bourdieu sin refleksive epistemologi i si drøfting av korleis «samhandling» kan operasjonaliserast i forsking. Dette er eit viktig innspel, men dei går ikkje i djupna. I det forutgående og vidare søker eg å klargjøre brotet analytisk og vitskapsteoretisk.

Subjektivisme, objektivisme og «kontinuitet»

Det å konstruere forskingsobjektet er det viktigaste i ein forskingsoperasjon, men det vert likevel ofte neglisjert i forskinga (Bourdieu et al., 1991; Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 205; Wacquant, 2018). Bourdieu argumenterer for eit epistemologisk prinsipp (epistemological rupture / epistemologisk brot) i samfunnssforskinga som tek for seg det å bryte med det han kallar for «naiv realisme». Han anerkjenner at brotet er ekstra vanskeleg i samfunnsvitskapen kor skiljet mellom «det kvardagslege» og «det vitskaplege» kan vere meir uskarp enn i annan type forsking. Denne handlinga – det doble brotet – har tre analytiske steg, først eit objektivistisk brot, så eit subjektivistisk brot og til slutt ei kopling av objektive strukturar

med agentar i analyse (Bourdieu, 2019 /1973, s. 2; Wacquant, 2022b, s. 204–205; Aakvaag, 2008, s. 149). Før eg går konkret inn på desse stega, skildrar eg korleis grunnproblemet, tilhøvet mellom førvitkskaplege omgrep /agentomgrep og samfunnsvitskaplege omgrep i forklaringar av sosiale fenomen, knyt seg til eit sett av problem som kan samlast i ein metateori om motsetnadsparet subjektivisme og objektivisme, og som er del av det store aktør–struktur–problemet i samfunnsvitskapen (Bugge, 2002). Det knyt seg mange motsetnadspar og konfliktar til dette skiljet, som grunnleggande sett handlar om ulike syn på kva kunnskap om sosiale forhold skal bestå av. Her drøftar eg det som er vesentleg for å belyse korleis «det epistemologiske brot» kan vere mogleg, kvifor det er viktig, og korleis det er knytt til det å konstruere forskingsobjektet.

Bourdieu sin målsetnad var å knyte subjektivisme og objektivisme saman eller å overskride motsetninga, fordi han meinte at begge posisjonane var teoretisk ufullstendige (Bourdieu, 2019 / 1973, s. 1–3; Bugge, 2002, s. 211). Subjektivistiske retningar argumenterer for kontinuitet, eller samsvar, mellom sosiale agentar sine erfaringar og vitskaplege representasjonar av desse. Dette var også eit sentralt moment i positivismekritikken på 1960-talet og eit stort innslag i «vitskapskrigen» mellom realistar og relativistar på 1960- og 1970-talet (Bugge, 2002; Slagstad, 1995; Jakobsen, 2021). Subjektivistiske retningar vil forklare sosialt liv ut frå faktorar som er avhengige av menneskeleg medvit og handling, noko som tilsynelatande kviler på ein ontologisk føresetnad om at det ikkje finst noko utanfor menneska si erkjenning av det. Objektivistiske retningar vil hevde motsett, at det må vere eit brot med agentane sine erfaringar for å kunne skaffe til vefs kunnskap om strukturelle tilhøve som eksisterer uavhengig av, eller utanfor, agentane, noko som kviler på ein ontologisk føresetnad om at det finst objektive, ikkje-erkjente sosiale fenomen (Bugge, 2002, s. 212; Wacquant, 2022a; sjå også Bråten, 2022 om «mind independent reality» som grunnbjelke i realismen). I grenselandet til denne distinksjonen ligg det også ei usemjø kring verdien av omgrepet sosial struktur, og omgrepet vert gjeve ulik status i ulike teoretiske tradisjonar (Kemp, 2022, s. 2).

Kravet om kontinuitet i subjektivistiske retningar kan ifølgje Grimen (2006, s. 141) tolkast på to vis, som krav om samsvar mellom omgrep og som krav om samsvar mellom sanningsverdi til agentane sine påstandar. Grimen hevdar at det er kontinuitet i den siste tydinga (sanningsverdi agentar tilskriv eigne oppfatningar) Bourdieu støttar seg på i sitt forsøk på å overskride motsetnaden mellom subjektivisme og objektivisme. For å komme nærmare kva som kan ligge i motsetnaden mellom krav om kontinuitet og krav om brot, kan me sjå til Grimen sitt forsvar av ein spesifikk type konstruktivistisk subjektivisme. Grimen (2006) er skeptisk til konstruktivismen som altomfattande verdsåskoding. Dersom «alt» er sosiale konstruksjonar, vert ein tvinga inn i eit hjørne der ingenting finst utanfor våre representasjonar av det. Det er difor nyttig å skilje mellom «sosiale fenomen» og «sosiale konstruksjonar» og legge til grunn ein realistisk ontologi som anerkjenner at røynda overskrid det menneske kan gripe (Grimen, 2006, s. 149; Bråten, 2022). Grimen (2006, s. 155) hevdar at eit konstruktivistisk forsvar for subjektivismen inneber ei «ontologisk plikt til å godta at det finst sosiale fenomen som er avhengig av representasjonen av dei, men ein er likevel *ikkje* ontologisk pliktig til å meine at det ikkje finst sosiale fenomen som er uavhengig av einkvar representasjon av dei» (original kursivering). Poenget til Grimen er her at subjektivismen ikkje føreset ein altomfattande subjektivistisk ontologi, men ein ontologi som tillèt sosiale konstruksjonar. Dette er ein moderat posisjon og ein posisjon med store likskapar med slik Bourdieu skildrar objektivismen. Skilnaden er ifølgje Grimen (2006, s. 166–167) at ein i den subjektivistiske konstruktivismen ikkje vil gå med på at alle sosiale fenomen kan skildraast uavhengig av slik agentane oppfattar dei. Både Grimen og Bugge finn soleis at Bourdieu sin ontologiske posi-

sjon er ein form for realisme. Denne posisjonen meiner eg blant anna framkjem i Bourdieu si tese om samsvar mellom sosiale og mentale strukturar «[...] mellom dei objektive inndelingane av den sosiale verda [...] og dei prinsippa for synsmåtar og inndelingar som agentane tillegg dei» (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 30)

Det epistemologiske brot og det å konstruere objektet

For Bourdieu er det epistemiske brotet ein operasjon i tre steg: objektivering, subjektivering og kopling (Bourdieu, 2019 /1973 Wacquant, 2018; Wacquant, 2022b). Dette handlar om det å først identifisere sosiale tilhøve med objektiv eksistens. Bourdieu utvikla omgrepa rom, felt og kapital for dette analytiske grepene (Aakvaag, 2008). Vidare handlar det om å skildre korleis agentar sine handlingar og oppfatningar er underlagt desse tilhøva på eit ikkje-refleksivt vis, og her vert Bourdieu (2019 /1973, s. 10) sitt habitusomgrep sentralt. Til slutt handlar det om å kople struktur og kompetente agentar saman i analyse (Bugge, 2002, s. 213; Wacquant, 2022b, s. 205). Ein føresetnad for denne operasjonen er å tilskrive sosial struktur ontologisk status, dvs. at (objektive) strukturar finst og eksisterer over tid og formar agentar sine moglegheiter (Bråten, 2022; Kemp, 2022). To avgjerande element i Bourdieu sitt brot er difor tilskrivning av ontologisk status til strukturar og ei slags «falsifisering» av agentane sine oppfatningar grunnlagt i ei mening om at deira kvardagsoppfatningar kan vere gjennomsyra av uklarheitar, dei kan vere heterogene, dei kan bestå av praktisk kunnskap, og dei vil alltid gjenspeile deira samfunnsposisjon, og at agentane ikkje har oversikt over alle forhold som formar deira røynd (Bourdieu & Wacquant, 1993). Grimen (2006) hevdar på si side at denne operasjonen er fult mogleg gjennom ein konstruktivistisk subjektivisme der ein kan identifisere objektive strukturar utan å måtte hevde at agentane sine oppfatningar er feilaktige, og der ein kan undersøke praksistar underlagt slike tilhøve utan å legge til grunn at desse er inadekvate. Det å anta ei universell «mèconnaissance» – «misjekjenning» – at agentar si erkjenning av praksisane deira alltid vil vere falske fordi dei er naturleggjorte – synes av Bourdieu å legge til grunn at ingen sosial agent noko tid har hatt ei sann oppfatning av noko som helst (Grimen, 2006). Det kan stillast spørsmål om kva Bourdieu meinte med dette, i lys av at han utvikla opne omgrep som skulle fyllast med empirisk innhald, og at han med dette eigentleg ville understreke ei metafysisk godtaking som kan vere i slekt med ideologiomgrepet i marxistisk teori, sjølv om Bourdieu sitt eige omgrep om slike historisk produserte røyndomsoppfatningar er «symbolsk makt» (Bourdieu, 1996; Bugge, 2002, s. 217). Grimen (2006, s. 167) hevdar at ein annan mogleg posisjon er å sjå dette som eit empirisk spørsmål, heller enn å legge til grunn som prinsipp at agentane sine oppfatningar er falske, medan Bugge (2002, s. 219) hevdar at det at den praktiske aktørkunnskapen «[...] er falsk (eller ‘ideologisk’), er nettopp Bourdieus begrunnelse for å gjennomføre et brudd med den».

Bourdieu held fast på at ein i samfunnsvitskapen «må stå imot vår hang til å tenke om den sosiale verda på ein realistisk måte [...] ein substansalistisk måte» og kjempe imot å låne problem, omgrep og objekt som er prefabrikkerte, dvs. allereie konstruerte (Bourdieu & Wacquant, 1993, s.210). Forskaren må difor setje i verk ei radikal tvil, som betyr å bryte med «den sunne fornuft», som kjem i tre variantar: kvardagsleg, politisk og vitskapleg (Bourdieu & Wacquant, 1993; Bourdieu, 1977, 1996; Wacquant , 2018, 2022a, 2022b). Dette brotet om-talast som «dobbelt», fordi det inneber å bryte med innsyn som primære erfaringar av den sosiale verda (fenomenologisk innsyn) samt med objektivistisk innsyn som ligg i forskaren sine prekonstruksjonar (Bourdieu, 2019 /1973 s. 1–2). I denne artikkelen har eg hatt fokuset på «den sunne fornuft» som framkjem i politikk, og som skapar offisielliserte problem. Eit slikt brot medfører at ein bryt med førehandsstøypte problem, og gjennom brotet kan det

skapast nye omgrep i samanheng med den pågående empiriske forskinga (Wacquant, 2018 s. 290). Å unnlate å gjøre det epistemologiske brotet fører til at sjølve konstruksjonsarbeidet vert overlate til «den sosiale verda *slik som ho er*, i sin etablerte orden [...]. Dermed får den empiristiske abdikasjonen [...] den grunnleggjande konserverande funksjonen av å godkjenne doxa» (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 226, original kursivering). Det å godkjenne doxa betyr å bekrefte det som er «så opp i dagen» at det vert teken for gitt som den gjeldande meinings eller den gjeldande praktikken. Det som er naturleggjort og implisitt, ber på makt på det viset at det er den herskande meinings, den dominerande trua, førestillinga eller sanninga om saka som det korkje kan vere eller vert sådd tvil om. Dette er det hegemoneiske, det doxiske. Soleis ser me at å bekrefte det naturaliserte i forsking gjev risiko for å bidra til å reproduusere eksisterande makttihøve. Forskaren kan løyse seg frå dette problemet ved å kartlegge (*historisere*) det sosiohistoriske arbeidet med å produsere problemet og særskilt rette merksemda mot rolla det politiske og byråkratiske feltet spelar, og kva logikkar som er involverte i (de)legitimeringa av «problemet», samt mot samspelet mellom ekspertar/akademia, media og politikk (Bourdieu & Wacquant, 1999, s. 49; Wacquant, 2022a, s. 35). Forskaren kan vidare «omskildre» problemet gjennom romleggjering kor ein strekk det ut i geografisk omfang for så å situere det i ein spesifikk sosiogeografisk kontekst for å finne likskapar og forskjellar (Wacquant, 2022b, s. 202–204). Ein kan også søke å utvikle nye og andre omgrep og bruke eit anna språk enn det «politiserte». Når det gjeld å konfrontere eit grenseobjekt, som til dømes «samhandling», kan dette gjerast gjennom å problematisere problematiseringa og analysere den sosiale førestillinga og godtakkingane om relasjonane mellom stat, kommune og borgar som ligg her.

Ulike fagdisiplinar stiller seg ulikt i forhold til omgrepsutvikling, og nokre disiplinar har større hang enn andre til å gjøre om grenseobjekt til forskingsobjekt. Det kan vere ulike årsaker til dette, men eg trur at kva ide ein har om vitskap, er ei av årsakene. Ideen og idealet om den klassiske vitskapen som verdifri og rein i tydinga fri frå sosial, kulturell og økonomisk påverknad eksisterer framleis i dag og kan kome til syne i førestillingar om reine objekt, det reine språket og den reine metoden eller teknikken (Solli, 2021, s. 35). I slike posisjonar vil det nok gje mindre mening å «konstruere objektet», fordi objektet sjåast som «gjeven». Kuhn (2002 /1962) var oppteken av at historiske føresetnader for vitskapen måtte gjerast til objekt for vitskaplege undersøkingar, og han utfordra den tradisjonelle åskodinga av vitskap ved å riste i oppfatninga om at vitskaplege sanningar er reine relasjonar mellom teori og røynd. Både forskingsobjekt, omgrep og metodar er farga av forskingsinteressene våre, av språkfellesskap, av styring og av teoretiske godtakkingar, noko som er etablert som ei relativt brei forståing av vitskap i det postpositivistiske og postnormale paradigmet (Ravetz, 1999; Funtowicz & Strand, 2007; Jasanoff, 2020, 2021). Bourdieu forkastar på sitt vis ideen om den klassiske vitskapen idet han fremjar at kva som til ei kvar tid vert rekna for god vitskap, veks fram i eit rom der det kjempast mellom heterodokse og ortodokse syn (Solli, 2021, s. 47; Bourdieu & Wacquant, 1993). Konstruktivisme som generell vitskapsteoretisk posisjon har vore drøfta, kritisert og i somme ordelag jamvel blitt samanlikna med relativisme og ideologisme (Solli, 2021, s. 36). Mange av desse debattane har grunnleggjande sett handla om forholdet mellom teori og røynd, altså røynda sin status og kva tilgang me som forskarar har til ho, og debatten har ein lang historie. Ulike vitskapsteoretiske posisjonar kan soleis skiljast ut frå kva status som vert tilkjent ein røyndom som er uavhengig av våre konstruksjonar av ho, der såkalla «svake» posisjonar vil meine at konstruksjonar handlar om ulike perspektiv på ein røyndom som er gjeven, medan «sterke» posisjonar vil hevde at røynda skapast av konstruksjonar. Basert på dette vil det finnast ulike måtar å konstruere forskingsobjektet på og ulike måtar å handsame og forstå omgrep og grenseobjekt på. Relasjonen mellom poli-

tikk og vitskap kan på si side forståast med Jasanoff (2020, 2021) innan hennar rammeverk om «samproduksjon» («co-production») som møter mellom ulike epistemiske tradisjonar, konkurrerande idear, temporale orienteringar og forståingar av kunnskap (sjå også Wenger et al., 2020). Men dersom ein ikkje anerkjenner i forskinga at ein slik relasjon eksisterer, og at forskinga alltid vil inngå i ein slik relasjon, vil ein heller kanskje ikkje sjå naudsyntheita av å konstruere forskingsobjektet. Her ligg rota til problematikken eg har drøfta i denne artikkelen, trur eg.

Avslutting

Eg har i denne artikkelen drøfta implikasjonar av ulike forståingar av tilhøvet mellom teori og røynd for forsking som har offentlege velferdsregimer og -tenester som sitt domene (fokusområde) av røynda. I dette har eg peika på produksjonen av offisielliserte problem og vektlagt viktigheta av å utføre det dobbelte brot i forskinga samt det å konstruere forskingsobjektet. Velferdsforskninga og omsorgsforskninga i Noreg har historisk hatt ei sektorvis inndeling og arbeidsdeling, noko som fører til sektorvis forsking i eigne avgrensia område med lite dialog mellom eller på tvers av fag og sektorar som forskar i det same domenet av røynda. «Samhandlingsforskninga» finn stad i velferdsforskingfeltet, og eg har dømegjeve omgrepet «samhandling» som eit grenseobjekt som har bevega seg inn i forskinga og belyst implikasjonar av å legge førehandsbestemte forståingar av dette omgrepet til grunn for forsking. «Samhandling» inngår i eit maktvokabular og rammar inn våre horisontar og har etter kvart blitt nytta både som emisk og etisk omgrep i forskinga og soleis mista si analytiske kraft. Eg har argumentert for at å kunne styrke den delen av forskinga som i høg grad handsamar grenseobjekt er det avgjerande å gje seg i kast med i konstruksjonsarbeidet. Ukritisk bruk eller «låning» av slike omgrep samt samanblanding eller utflating (konflating) av ulike analytiske nivå i forsking kan risikere å forsterke eller bidra til å reproduksere asymmetriske maktrelasjonar og konservering av doxa samt til ei forvirring over skilnaden mellom objekt og resultat. Det å gjere eit epistemologisk brot er ikkje ei eingongshending i ein forskingsprosess, men heller ein endelaus gjentakande aktivitet av kritisk refleksjon som ein slags refleksiv mani (Bourdieu & Wacquant, 1993, s. 227; Wacquant, 2018, s. 5). Soleis har eg søkt å vise kvifor denne «manien» trengst, og korleis han kan finne stad, samt søkt å inspirere til rørsle mot det å konstruere forskingsobjektet i ein kvar forskingsprosess for å reetablere (velferds)forskninga sitt kritiske potensial.

Referansar

- Aakvaag, G. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Abstrakt forlag
- Alm Andreassen, T. (2019). Tilnærmingar i forskning om samordning og samarbeid. I C. Bjørkquist & M. Jerndahl Fineide (Red.), *Organisasjonsperspektiv på samordning av helse- og velferdstjenester* (s. 19–46). Cappelen Damm Akademisk.
- Anvik, C. H., Bliksvær, T., Breimo, J. P., Lo, C., Olesen, E. & Sandvin, J. T. (2019). *Forskning om koordinerte tjenester til personer med sammensatte behov*. Kunnskapsnotat, NFR.
<https://www.forskningsradet.no/om-forskningsradet/publikasjoner/2019/forskning-om-koordinerte-tjenester-til-personer-med-sammensatte-behov/>
- Anvik, C. H., Moen, H. B. & Breimo, J. P. (2020). Velferdstjenestenes vilkår – nasjonal politikk og lokale erfaringer, i C. H. Anvik, J. T. Sandvin, J. P. Breimo & Ø. Henriksen (Red.), *Velferdstjenestenes Vilkår. Nasjonal politikk og lokale erfaringer* (s. 13–27). Universitetsforlaget Open Access.

- Bacchi, C. (2009). *Analysing policy: What's the problem represented to be?*. Pearson.
- Bacchi, C. (2016). Problematizations in health policy: Questioning how «problems» are constituted in policies. *Sage Open*, 6(2), 1–16. <https://doi.org/10.1177/2158244016653986>
- Blystad, M., Sundnes, S. L. & Aksnes, D. W. (2015). *Velferdsforskning i Norge 2013. Ressurser og resultater* (NIFU Rapport 10/2015). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.
- Bourdieu, P. (1977). *Outline of a theory of practice*. Cambridge University Press.
- Bourdieu, P. (1996). *Symbolsk makt*. Pax Forlag A/S.
- Bourdieu, P. (2019). De tre former for teoretisk viden. *Praxeologi. Et kritisk refleksivt blikk på sosiale praktikker*. Bd. 1. *Social Science Information*. (Opphavleg utgjeven 1973). <http://dx.doi.org/10.15845/praxeologi.v1i0.1564>.
- Bourdieu, P. & Waquant, L. J. D. (1993). *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Samlaget.
- Bourdieu, P. & Wacquant, L. (1999). On the Cunning of Imperialist Reason. *Theory, Culture & Society*, 16(1), 41–58. <https://doi.org/10.1177/026327699016001003>
- Bourdieu, P., Chamboredon, J.-C. & Passeron J.-C. (1991). *The Craft of Sociology. Epistemological Preliminaries*. De Gruyter.
- Bowker, G. & Star, S. L. (2000). *Sorting things out: Classification and its consequences*. MIT Press.
- Brekke, O. A., Høstaker, R. & Sirnes, T. (2003). *Dimensjonar i moderne sosialteori. Bourdieu, Habermas, Latour og Luhmann*. Samlaget.
- Bråten, E. (2022). The ‘onto-logics’ of perspectival multi-naturalism: A realist critique. *Anthropological Theory*, 22(2), 201–221. <https://doi.org/10.1177/14634996211072369>
- Bugge, L. (2002). Kunnskap og realisme i Bourdieus kritiske sosiologi. *AGORA*, (1–2), 205–231. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2002-01-02-08>
- Dahl, H. M. (2017). *Struggles in (elderly) care: a feminist view*. Springer.
- Flaaten, S. (2008). «Den tyske forbindelse». Epistemologien i Bourdieus forfatterskap og den tyske fenomenologi. *Sosiologi i dag*, 38(2), 84–106. Hentet fra <http://ojs.novus.no/index.php/SID/article/view/946>
- Fraser, N. (2016). Kampen om behovene. Utkast til en kritisk teori om senkapitalismens politiske kultur. *AGORA*, 33(2–3), 202–228. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2015-02-03-10>
- Funtowicz, S. & Strand, R. (2007). Models of Science and Policy. I Traavik, T. & Lim, L. C. (Red.), *Biosafety First. Holistic approaches to risk and uncertainty in genetic engineering and genetically modified organisms* (s. 263–278). Tapir Academic Press.
- Førland, O., Alvsvåg, H. & Tranvåg, O. (2018). Perspektiver på omsorgsforskning. *Tidsskrift for Omsorgsforskning*, 4(3), 196–214. <https://doi.org/10.18261/ISSN.2387-5984-2018-03-02>
- Glynos, J., Speen, E. & West, K. (2014). Logics of marginalisation in health and social care reform: Integration, choice, and provider-blind provision. *Critical Social Policy*, 35(1) 45–68. <https://doi.org/10.1177/0261018314545599>
- Grimen, H. (2006). Subjektivisme og kontinuitet. *AGORA*, 24(1–2), 135–170. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1571-2006-01-02-07>
- Jakobsen, T. G. (2021). *Vitenskapsfilosofi og kritisk realisme – et ikke-antroposentisk alternativ*. Fagbokforlaget.
- Jasanoff, S. (2020). Imagined worlds. The politics of future-making in the twenty-first century. I A. Wenger, U. Jasper & M. D. Cavalty (Red.), *The politics and science of prediction. Governing and probing the future* (s. 27–43). Routledge.
- Jasanoff, S. (2021). Humility in the Anthropocene. *Globalizations*, 18(6), 839–853. <https://doi.org/10.1080/14747731.2020.1859743>

- Kemp, S. (2022). Organizational de-structuring? Latour's potential contribution to the critical realist – pragmatist dispute. *Journal of Critical Realism*, 21(3), 309–330. <https://doi.org/10.1080/14767430.2022.2049090>
- Kuhn, T. S. (2002). *Vitenskapelige revolusjoners struktur*. Spartacus Forlag. (Opphavleg utgjeven 1962)
- Lundberg, K. G. & Breimo, J. P. (2021). Introduksjon til temanummer om samarbeid i og mellom velferdstjenester. *Tidsskrift for Velferdsforskning*, 24(1), 4–6. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2021-01-01>
- Lundberg, K. & Magnussen, A.-M. (2021). Samarbeid arbeid og helse. Problemrepresentasjoner og blindsone. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 24(1), 35–48. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2021-01-04>
- McCall, V., Hoyle, L., Gunasinghe, S. & O'Connor, S. (2021). A new era of social policy integration? Looking at the case of health, social care and housing. *Journal of Social Policy*, 59(4), 809–827. <https://doi.org/10.1017/S0047279420000525>
- Meld. St. 29 (2012–2013). *Morgendagens omsorg*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-29-20122013/id723252/>
- Meld. St. 15 (2017–2018). *Leve hele livet: En kvalitetstreform for eldre*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>
- Meld. St. 33 (2015–2016). *NAV i en ny tid*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20152016/id2501017/>
- Meld. St. 38 (2020–2021). *Nytte, ressurs og alvorlighet. Prioritering i helse og omsorgstjenesten*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-38-20202021/id2862026/>
- Mjøset, L. (2021). Social science, humanities, and the ‘Nordic model’. I H. Byrkjeflot, L. Mjøset, M. Mordhorst & K. Petersen (Red.), *The making and circulation of Nordic models, ideas and images* (s. 34–61). Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781003156925>
- NOU 2005: 3. (2005). *Fra stykkevis til helt. En sammenhengende helsetjeneste*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2005-03/id152579/>
- NOU 2011: 11. (2011). *Innovasjon i Omsorg*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2011-11/id646812/>
- NOU 2023: 4. (2023). *Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-4/id2961552/>
- Porter Groff, R. (2021). The devil is in the categories: Metaphysics and social and political thought. *Journal for the Theory of Social Behaviour*, 51(4), 675–688. <https://doi.org/10.1111/jtsb.12320>
- Ravetz, J. R. (1999). What is Post-Normal Science? *Futures*, 31, 647–653. <http://www.andreasaltelli.eu/file/repository/Editorials2.pdf>
- Rytter, M. (2019). Writing against integration. Danish imaginaries of culture, race and belonging. *Ethnos – Journal of Anthropology*, 84(4), 678–697. <https://doi.org/10.1080/00141844.2018.1458745>
- Røiseland, A. & Lo, C. (2019). Samskaping – nyttig begrep for norske forskere og praktikere? *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift*, 35(1), 51–58. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2936-2019-01-03>
- Sandvin, J. T., Lo, C. & Breimo, J. P. (2022). På stedet hvil? En kritisk analyse av norsk forskning om samhandling i helse og omsorgstjenesten. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 63(2), 141–153. <https://doi.org/10.18261/tfs.63.2.4>
- Skilbrei, M-L. (2020). «Staten, det er oss»: Utfordringer for norsk samfunnsforskning. *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 61(1), 76–79. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2020-01-10>
- Slagstad, R. (1995). *Positivisme og vitenskapsteori. Et essay om den norske positivismestriden*. Universitetsforlaget.
- Solli, S. M. (2021). Den nødvendige konstruktivismen. *Norsk Sosiologisk Tidsskrift*, 5(2), 34–49. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2021-02-03>

- St.meld. nr. 25 (2005–2006). *Mestring, muligheter og mening*. Helse- og omsorgsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-25-2005-2006-/id200879/>
- St.meld. nr. 9 (2006–2007). *Arbeid, velferd og inkludering*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-9-2006-2007-/id432894/>
- St.meld. nr. 47 (2008–2009). *Samhandlingsreformen: Rett behandling, på rett sted, til rett tid*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-47-2008-2009-/id567201/>
- Star, S. L. (2010). This is not a Boundary Object: Reflections on the origin of a Concept. *Science, Technology & Human Values*, 35(5), 601–617. <https://doi.org/10.1177/0162243910377624>
- Strand, R., Saltelli, A., Giampietro M., Rommetveit K., Funtowitz S. (2018). New narratives for innovation. *Journal of Cleaner Production*, 197(del 2), 1849–1953. <http://dx.doi.org/10.1016/j.jclepro.2016.10.194>
- Vik, E. (2018). Helseprofesjoners samhandling. En litteraturstudie. *Tidsskrift for Velferdsforskning*, 21(2), 119–147. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2018-02-03>
- Wacquant, L. J. D. (2018). Four transversal principles for putting Bourdieu to work. *Anthropological Theory*, 18(1), 3–17. <https://doi.org/10.1177/1463499617746254>
- Wacquant, L. (2022a). *The invention of the «underclass». A study in the politics of knowledge*. Polity Press.
- Wacquant, L. (2022b). Å løse problemet med rase. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 39(3), 201–225.
<https://doi.org/10.18261/nnt.39.3.4>
- Wenger, A., Jasper, U. & Cavelty, M. D (2020). *The Politics and science of prevention. Governing and probing the future*. Routledge.
- Wiig, O., Rørstad, K., Aksnes, D. W., Ekeland, E., Aagestad, C. & Stenstadvold, M. (2020). *Forskning og innovasjon rettet mot kommunale helse- og omsorgstjenester. Kartlegging av resultater av forskningen og erfaringer fra kommunal sektor* (NIFU rapport 2020: 28). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.
<https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2723945>
- Wolin, S. S. (2016). *Politics and vision. Continuity and innovation in western political thought*. Princeton University Press. (Opphavleg utgjeven 1960)